4.500 Uskedalsbrød selt i 2009

30.12.2009

Else Mæland Pile er fornøgd med Uskedalsbrødet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I januar 2009 vart det spesielle Uskedalsbrødet presentert av SPAR og bakar Jan Eik frå Uskedalen., som har bakeriet sitt i Teigen. Men det var den brødansvarlege i butikken, Kari Ljosnes, som hadde ideen om brødet. Når det no går mot slutten av året kan Gunn Mari Moberg opplysa til uskedalen.no at det førebels er seld 4.500 Uskedalsbrød, det vil seia 85 i snitt pr. veke.

Naturleg nok var salet størst i starten. Dei to første vekene gjekk det unna 250 Uskedalsbrød i snitt, men utpå sommaran fall salet til rundt 100 i veka og i den seinere tid har gjennomsnittstalet lege på 60.

Det betyr at Uskedalsbrødet ikkje lenger ligg på salstoppen til SPAR. Ein grunn til nedgangen i salet er at Uskedalsbutikken ikkje lenger har eineretten på salet. Etter førespurnad har bakaren starta leveranse av dette brødet også til andre butikkar i kommunen.

Meiningane om brødet er delte som om alle andre produkt. Ein rask spørsmålsrunde i butikken avslører at det faktisk er uskedelingar som framleis ikkje har smaka brødet medan andre er lite fornøgde med smaken og atter andre er svært fornøgde. Til den siste kategori høyrer Else Mæland Pile, som seier til uskedalen.no at brødet har vorte stadig betre etter kvart, ikkje minst fordi det er betre steikt.

Sikkert er et i alle fall at Uskedalsbrødet har vunne ein posisjon i Kvinnherad sjølv om salet har gått ned. Men kanskje kan både produkt og marknadsføring forbetrast?

Av Ola Matti Mathisen

Då brødet vart lansert, vart dette biletet teke, av bakar Jan Eik og brødansvarleg Kari Ljosnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)